



Ny bok frå Harald Sætre.

Ingen har vel meir kunnskap om ferjer og andre flytande transportmiddel i Hordaland enn Harald Sætre. Når den nye boka hans FRAM OG TILBAKE OVER FJORDEN vert lansert midt i november, deler han av all denne kunnskapen med oss andre.

Frå oppveksten i Uskedalen har han i alle år vore lidenskapeleg interessert i kystkultur og fjordabåtane. I 1980 var han svært sentral då veteranskiplaget Fjordabåten vart skipa, og han har heile tida vore oppteken av å bidra til å ta vare på kystkulturhistoria vår.

I 2010 gav Sætre ut boka 'Damp, diesel og pågangsmot' - historia om Veteranskiplaget Fjordabåten frå 1980 til 2010, og om arbeidet med å ta vare på veteranskipa D/S 'STORD' og M/S 'GRANVIN'. Han var og ein av hovudforfattarane av boka «Eit skip heitte Stord».

Saman med ferjelaget SKÅNEVIK har Sætre gjeve ut DVD med filmopptak av samtlege fergestrekningar i Hordaland pr. 1995. Han har gjort alle filmopptaka på DVD'en som kom ut i 2011.

I 2012 hadde Dagbladet ein svært interessann artikkel om ferjeplottaren Harald Sætre. Eg vil råde alle til å klikke seg inn på den følgjande lenkja for å lese den:

[http://www.dagbladet.no/2012/07/08/magasinet/sjofolk/sommerserie/harald\\_setre/ferje/22449161/](http://www.dagbladet.no/2012/07/08/magasinet/sjofolk/sommerserie/harald_setre/ferje/22449161/)

No er altså Harald Sætre klar med ei ny bok. Tittelen er Fram og tilbake over fjorden, og den kjem ut på Kapabel Forlag. Forlaget skriv følgjande om boka:

Frå slutten av 1920-talet og fram til selskapet bytta namn til Tide og seinare vart til Norled, var det Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap (HSD) som frakta oss og bilane våre over fjorden. Den runde raude rosetten med bokstavane HS var kanskje det best innarbeidde firmamerke på heile Vestlandet.

No er både HSD og mange av ferjesambanda historie og fleire samband kjem til å bli erstatta av bruer og tunellar i tida som kjem.

Dette er historia om korleis det var før, då dei svarte og kvite ferjene med HSD flagg i masta gjekk på kryss og tvers mellom øyar og fjordbygder og slik sydde landsdelen saman.

Boka er på 128 sider. Lanseringsdatoen er ca. 15. november, men den kan alt no førehandtingast på [www.kapabelforlag.no](http://www.kapabelforlag.no).

Vi gleder oss til å lesa dette viktige kulturhistoriske verket, og som eit appropos nemner vi at den verneverdige ferja M/F SKÅNEVIK som besøkte Uskedalen under Festidalen, i desse dagar er leigt inn og sett i trafikk.



M/F Skånevik ved Sandakaien i sommar.(Foto: Harald Sætre)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland